

Eksamen

24.11.2021

HSE3001 Helsefremmende arbeid

Programområde: Helsesekretær vg3

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	Vurderinga av eksamenssvaret tek utgangspunkt i kompetansemåla i læreplanen. Sensor vurderer i kva grad kandidaten viser måloppnåing, i samsvar med eksamensrettleiinga. Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene, og uttrykk deg tydeleg og fagleg korrekt. Dersom du bruker kjelder utan kjeldetilvising, vil dette bli vurdert til lågaste nivå.

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

Oppgåve 1

Hanne Olsen (fødd 12.9.1960) har diabetes type 2. I dag er ho på kontroll. Dei siste vekene har ho hatt mykje hovudpine og vore slapp og trøytt. Ho har i tillegg gått ned i vekt. Ho tissar store mengder og har svie ved vasslating og kløe i underlivet. Ho seier at heimemålingane av blodsukkeret viser høge verdiar. I løpet av kontrollen oppdagar du eit sår under fotbladet hennar.

- a) Kva ulike behandlingalternativ kan hjelpe Hanne til å få eit stabilt blodsukker, komme i betre form og unngå komplikasjonar?
- b) Gjer greie for seinskadar som kan oppstå ved diabetes.
- c) Kva for nokre hormon er med på å regulere blodsukkeret? Gjer greie for denne prosessen.
- d) Hanne Olsen har eit sår som du reingjer og legg bandasje på. Gjer greie for korleis du vil utføre dette. Ta utgangspunkt i dei basale smittevernrutinane.

Oppgåve 2

«Med risikovurdering menes kartlegging av alle farer og problemer knyttet til arbeidet.» (Kjelde: <https://www.arbeidstilsynet.no/hms/risikovurdering/>, henta 25.1.2021.)

Vel deg ei arbeidsoppgåve på legekantoret som du gjer ei risikovurdering av. Grunngi vurderinga di fagleg.

Oppgåve 3

Kaja Normann (fødd 12.2.2002) ringer legekantoret og ønsker time. Ho har lett blodig utflod og er redd for kva det kan vere. Etter at ulike prøver er tekne, konstaterer legen at ho har ein klamydiainfeksjon.

Gjer greie for screening, smittesporing og meldeplikt ved denne infeksjonen. Grunngi utgreiinga di fagleg.

Oppgåve 4

Du har søkt deg jobb på sjukehuset og får tilsendt eit skjema om MRSA som du må fylle ut. Gjer greie for kva MRSA er, og på kva måte vi kan forhindre at resistente bakteriar spreier seg.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at sensor kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Vurderingen av eksamensbesvarelsen tar utgangspunkt i kompetansemålene i læreplanen.</p> <p>Sensor vurderer i hvilken grad kandidaten viser måloppnåelse, i henhold til eksamensveiledningen.</p> <p>Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene, og uttrykk deg tydelig og faglig korrekt.</p> <p>Dersom du bruker kilder uten kildehenvisning, vil dette bli vurdert til laveste nivå.</p>
TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:	
<ul style="list-style-type: none">• Start med å lese oppgaveinstruksen godt.• Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.• Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.• Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.	

Lykke til!

Oppgave 1

Hanne Olsen (født 12.9.1960) har diabetes type 2. I dag er hun på kontroll. De siste ukene har hun hatt mye hodepine og vært slapp og trøtt. Hun har i tillegg gått ned i vekt. Hun tisser store mengder og har svie ved vannlating og kløe i underlivet. Hun sier at hjemmemålingene av blodsukkeret viser høye verdier. I løpet av kontrollen oppdager du et sår under fotbladet hennes.

- a) Hvilke ulike behandlingsalternativer kan hjelpe Hanne til å få et stabilt blodsukker, komme i bedre form og unngå komplikasjoner?
- b) Gjør rede for senskader som kan oppstå ved diabetes.
- c) Hvilke hormoner er med på å regulere blodsukkeret? Gjør rede for denne prosessen.
- d) Hanne Olsen har et sår som du rengjør og legger bandasje på. Gjør rede for hvordan du vil utføre dette. Ta utgangspunkt i de basale smittevernrutinene.

Oppgave 2

«Med risikovurdering menes kartlegging av alle farer og problemer knyttet til arbeidet.» (Kilde: <https://www.arbeidstilsynet.no/hms/risikovurdering/>, hentet 25.1.2021.)

Velg deg en arbeidsoppgave på legekantoret som du gjør en risikovurdering av. Begrunn vurderingen din faglig.

Oppgave 3

Kaja Normann (født 12.2.2002) ringer legekantoret og ønsker time. Hun har lett blodig utflod og er redd for hva det kan være. Etter at ulike prøver er tatt, konstaterer legen at hun har en klamydiainfeksjon.

Gjør rede for screening, smittesporing og meldeplikt ved denne infeksjonen. Begrunn redegjørelsen din faglig.

Oppgave 4

Du har søkt deg jobb på sykehuset og får tilsendt et skjema om MRSA som du må fylle ut. Gjør rede for hva MRSA er, og på hvilken måte vi kan forhindre at resistente bakterier sprer seg.



www.vigoiks.no/eksamen